

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.09.2020

Inge Øystein Fiskvik sette fram slikt forslag:

«Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland fylke har følgjande innspel til ei høyringsuttale frå Vestland fylkeskommune angåande forslag til endringar i vallova, valforskrifta og forskrift om val til Sametingsvalet til 2021.

FN sin konvensjon om rettane til menneske med nedsatt funksjonsevne (CRPD) slår klart fast at for at val skal kunne kallast frie og hemmelege må denne gruppen ved behov og dei sjølv ynskjer det, få ha ein sjølvvalt hjelpar som kan hjelpe dei med å stemme. Ved dei siste val som har vore avholdt er det fleire plasser, også i Vestland, blitt rapportert frå brukarhald at eigen hjelper inn i avlukket har blitt nekta av valfunksjonærer. Dette kan skape motstand mot å avlegge val i framtida for dei som har slike uheldige opplevingar. Særleg for mindre kommunars del vil veljarar vere uroa over om valfunksjonærar som de kjenner veit hvilke liste ein har stemt på.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne står departementet sitt framlegg til endring i vallova slik at det blir rett til at ein veljar med psykisk eller fysisk funksjonshemming sjølve skal velge ein hjelpar dersom veljar ikkje har moglegheit til å stemme aleine. Vel ein veljar at ein funksjonær i lokalet skal assistere skal dette fullt og helt være veljars eige val.

Ved val er det også viktig at ein sørger for full tilgjenge til lokale, materiale og framgangsmåte for å velje, og at disse også er enkle å ta i bruk og forstå for personar med ein psykisk eller fysisk funksjonsnedsettelse.»

Avrøysting

Inge Øystein Fiskvik sitt framlegg vart samråystes vedteke.

Vedtak

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland fylke har følgjande innspel til ei høyringsuttale frå Vestland fylkeskommune angåande forslag til endringar i vallova, valforskrifta og forskrift om val til Sametingsvalet til 2021.

FN sin konvensjon om rettane til menneske med nedsatt funksjonsevne (CRPD) slår klart fast at for at val skal kunne kallast frie og hemmelege må denne gruppen ved behov og dei sjølv ynskjer det, få ha ein sjølvvalt hjelpar som kan hjelpe dei med å stemme. Ved dei siste val som har vore avholdt er det fleire plasser, også i Vestland, blitt rapportert frå brukarhald at eigen hjelper inn i avlukket har blitt nekta av valfunksjonærer. Dette kan skape motstand mot å avlegge val i framtida for dei som har slike uheldige opplevingar. Særleg for mindre kommunars del vil veljarar vere uroa over om valfunksjonærar som de kjenner veit hvilke liste ein har stemt på.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne står departementet sitt framlegg til endring i vallova slik at det blir rett til at ein veljar med psykisk eller fysisk funksjonshemming sjølve skal velge ein hjelpar dersom veljar ikkje har moglegheit til å stemme aleine. Vel ein veljar at ein funksjonær i lokalet skal assistere skal dette fullt og helt være veljars eige val.

Ved val er det også viktig at ein sørger for full tilgjenge til lokale, materiale og framgangsmåte for å velje, og at disse også er enkle å ta i bruk og forstå for personar med ein psykisk eller fysisk funksjonsnedsettelse.